

Askvoll kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 26.01.2015
Møtestad: Askvoll kommunehus, møterom 2. etg.
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmann og revisor i sak 003/15

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 1-2015
003/15	Prosjektrekneskap - Tilrettelegging funksjonshemma born prosjektnr. 2103
004/15	Årsmelding 2014 - Askvoll kontrollutval
005/15	Møteplan 2015 Askvoll kontrollutval
006/15	Oppfølgingsliste 1- 2015
007/15	Eventuelt

Med helsing

Jorunn Ringstad
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 26.01.2015	Saksnr 001/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/51
---	----------------------	------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 26.01.2015	Saksnr 002/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/44
---	-------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar 1-2015

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.01.2015	Fylkesmannen sin tilsynsrapport kommunen som barnehagemyndigheit - Askvoll kommune 1.7.-12.12.2014	1338
19.01.2015	KOM-088.14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018, handsama 17.12.2014	1335
19.01.2015	KOM-093.14 Utbygging av Bulandet vassverk- godkjenning av sluttrapport og sluttrekneskap, handsama 17.12.2014	1336
19.01.2015	KOM-094.14 Rehabilitering av Askvoll kyrkje - godkjenning av sluttrapport og sluttrekneskap, handsama 17.12.2014	1337
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978
12.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	1274

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



TILSYNSRAPPORT

Kommunen som barnehagemyndighet

Askvoll kommune

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Askvoll kommune	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet	4
2.4 Om tilsynsrapporten	5
3. Kommunen sitt ansvar, barnehagelova § 8	5
3.1 Rettsleg krav	5
3.2 Fylkesmannen si undersøking	6
3.3 Fylkesmannen si vurdering	6
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	7
4. Kommunen som tilsynsmyndigheit, barnehagelova § 16	7
4.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 16	7
4.2 Fylkesmannen si undersøking	8
4.3 Fylkesmannen si vurdering	8
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon	8
5. Dispensasjon for pedagogisk bemanning § 18	9
5.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 18	9
5.2 Fylkesmannen si undersøking	9
5.3 Fylkesmannen si vurdering	9
5.4 Fylkesmannen sin konklusjon	10
6. Frist for retting av lovbrøt	10
7. Kommunen sin frist til å rette	11

Samandrag

Tema

Det er gjennomført tilsyn med tema kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8. Hovudtema for tilsynet er kommunen som tilsynsmyndigheit, jf. barnehagelova § 16 og kommunen si praktisering av dispensasjonar etter norm for pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova § 18.

Formål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å styrke kommunen si rolle som barnehagemyndigheit. Gjennom tilsynet ønskjer Fylkesmannen å setje søkelys på barnehagemyndigheita sitt ansvar for å sikre etterleving av krava i barnehagelova, både for kommunen som barnehagemyndigheit og for den enkelte barnehage. Gjennom kontroll med at kommunen følgjer opp ansvaret sitt på dette området, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Enkelte av kommunen sine oppgåver er særskilt regulerte i barnehagelova kap. IV "*Barnemyndighetens generelle oppgaver m.v.*". Ansvaret inneber mellom anna kommunen si rettleiing og kontroll med at barnehagane vert drivne etter gjeldande regelverk jf. barnehagelova § 8, tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16 og kommunen si praktisering av dispensasjonar etter norm for pedagogisk bemanning jf. barnehagelova § 18.

Gjennomføring

Askvoll kommune har til saman seks barnehagar der alle er kommunale. Tilsynet er utført ved gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju. Det er gjennomført intervju med ansvarleg på kommunenivå, og med styrar i tre av barnehagane i Askvoll kommune.

Avdekka lovbrøt

Askvoll kommune har ikkje skriftleg rutine for oppfølging og rettleiing av barnehagane jf. Barnehagelova § 8.

Status på rapporten og vegen vidare

Etter forvaltningslova § 16 fekk Askvoll kommune 13.11.2014 tilsendt førebels tilsynsrapport med varsel om pålegg. Fylkesmannen har motteke merknad til førebels rapport i e-post frå Askvoll kommune 11.12.2014. Merknaden inneheldt omskriving av tekst for rett presisering under pkt. 3.3. Det var gjennomført sluttmøte 12.12.2014 med avklaring på kva måte kommunen kan rette opp lovbrøtet.

1. Innleiing

Fylkesmannen har i perioden frå 01.07.2014 til 12.12.2014 gjennomført tilsyn med Askvoll kommune som barnehagemyndigheit.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekte under tilsynet. Askvoll har fått frist for å rette lovbrøtet fastsett til 01.03.2015.

Dersom lovbrøta ikkje er retta innan desse fristane, vil Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d.

2. Om tilsynet med Askvoll kommune

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er tilsyn med dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit og likebehandling. Det skal kunne etterprøvast og gjennomførast på ein effektiv måte.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, vert dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrift til barnehagelova som er brote.

2.2 Tema for tilsyn

Det er gjennomført tilsyn med tema kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8. Hovudpunkta i tilsynet er kommunen som tilsynsmyndigheit, jf. barnehagelova § 16 og kommunen si praktisering av dispensasjonar etter norm for pedagogisk bemanning, jf. barnehagelova § 18.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Askvoll kommune vart opna gjennom brev 01.07.2014. Kommunen er pålagd å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen sin årsrapport
- barnehageplan
- årshjul for barnehagane
- barnehagane sine årsplanar
- kvalitetsvurderingssystem
- utviklingsplan for barnehagane
- system for arbeid med kvalitet
- kommunale vedtekter for barnehagane
- plan for tilsyn av barnehagar
- rapportar etter gjennomførte tilsyn
- kopi av vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet til pedagogisk leiar

Det vart gjennomført tilsyn via videokonferanse 29.10.2014.

Følgjande personar vart intervjuar:

- styrar i Gjelsvik barnehage, Hanne Knutsen
- styrar i Stongfjorden barnehage, Anita Lie Follevåg
- styrar i Røverumpa barnehage, Siv Gjendemsjø Tangedal
- kommunalsjef for oppvekst, Kristen Holt

2.4 Om tilsynsrapporten

Denne tilsynsrapporten inneheld frist for retting av ulovlege forhold avdekka under tilsyn, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 01.03.2015.

Dersom forholda ikkje er retta innan fastsett frist, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

3. Kommunen sitt ansvar, barnehagelova § 8

3.1 Rettsleg krav

Kommunen sitt ansvar, barnehagelova § 8

«Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.»

Kommunen er lokal barnehagemyndigheit. Kommunen skal sikre eit heilskapleg barnehagetilbod med god kvalitet tilpassa lokale forhold og behov. Kommunen skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Barnehagemyndigheita har eit overordna ansvar for å sikre at barna får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod, jf. barnehagelova § 8 første ledd. Barnehagetilbodet må samsvare med lokale forhold og prioriteringar, samtidig som nasjonale føringar skal takast omsyn til, jf. barnehagelova § 8 andre ledd.

3.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har undersøkt om det er samsvar mellom innlevert dokumentasjon og praksis i kommunen. Fylkesmannen har gjennomført intervju for å kontrollere om praksis er i tråd med kommunale planar og innsendt dokumentasjon.

3.3 Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har vurdert om Askvoll kommune sikrar eit heilskapleg barnehagetilbod med god kvalitet tilpassa lokale forhold og behov. Fylkesmannen har vurdert om kommunen har rutine for aktiv rettleiing for å sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

Askvoll kommune har seks kommunale barnehagar. Alle barnehagane har barnehagefagleg kompetanse i styrarfunksjon. Kommunalsjef er næraste leiar for styrarane og har i tillegg ein konsulent som utfører ulike administrative arbeidsoppgåver på barnehageområdet.

Dei siste tre åra har kommunen hatt stor utskifting i styrargruppa. Kommunalsjef har vore tilsett i stillinga dei siste to åra.

Askvoll kommune har laga utviklingsplan for arbeid med kvalitet i skule og barnehage. I dette systemet har kommunen, i samarbeid med region Hafs, laga ein overordna utviklingsplan for alle barnehagane. Denne planen dannar grunnlag for barnehagane sine utviklingsplanar og årsplanar. Askvoll kommune har utarbeida eit årshjul for alle barnehagane i kommunen. Årshjulet er overordna og seier noko om tiltak retta mot personalet og barna i barnehagen. Årshjulet viser detaljar for aktivitet kvar månad i året.

Kommunen har utarbeida eige kvalitetsvurderingssystem for skule. I dette systemet ligg rutineskildring av årshjul som omhandlar kartlegging, evaluering, tiltak og oppfølging. Detaljerte skildringar av kva ansvar som er lagt til dei ulike rollene er knytt opp i mot dette. Askvoll kommune gjennomfører årleg kartlegging av barnehagane for å vurdere behov for rettleiing og risikovurdering. For at rettleiing skal setjast i system har Askvoll kommune starta arbeidet med eit liknande system for barnehage som på skule.

Kommunalsjef har jamleg kontakt med styrarane og gjennomfører faste møte med styrargruppa. Årleg gjennomfører kommunalsjef saman med styrarane besøksrunde i den enkelte barnehage. Innhaldet i desse møta er å synleggjere korleis den aktuelle styrar/barnehage jobbar med satsingsområda. Etter slike besøk vert det gitt tilbakemelding til den enkelte styrar og tiltak/arbeidsmåtar vert delt og diskutert. Tilbakemeldinga vert gitt

munnsleg i møte og i referat etter besøket. Styrarane opplever dette som god læring og oppfølging av felles mål.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Askvoll kommune har ei klar forståing av krav om forsvarleg barnehagedrift fastsett i barnehagelova. Informantane i intervjuet omtalar dei faste møteplassane som ein arena for oppfølging og rettleiing av kvalitetsarbeid knytt til barnehagelova. Fylkesmannen får stadfesta gjennom intervjuet at kommunen som barnehagemyndigheit, ved kommunalsjef, har brei kunnskap om pedagogisk innhald og drift i den enkelte barnehage.

Gjennom intervjuet vert det opplyst at kommunen har plan om å lage ein skriftleg rutine for kvalitetsvurderingssystem for barnehage, slik som det er laga på skule. Fylkesmannen vurderer at ein slik skriftleg rutine vil sikre systematisk rettleiing frå kommunen, og rår difor til at kommunen innfører denne rutinen så raskt som mogleg.

Fylkesmannen gir Askvoll kommune eit varsel om pålegg på desse punkta.

Askvoll kommune må utarbeide ein skriftleg rutine for oppfølging og rettleiing som tek utgangspunkt i risikovurdering. På denne måten får kommunen eit kvalitetssystem som sikrar krava i barnehagelova.

Korreksjonspunkt:

Askvoll kommune skal lage skriftleg rutine for oppfølging og rettleiing av barnehagane som er basert på risikovurdering.

4. Kommunen som tilsynsmyndigheit, barnehagelova § 16

4.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 16

«Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten».

Kommunen som barnehagemyndigheit fører tilsyn med kommunal og ikkje – kommunal barnehage for å sikre at dei vert drivne etter gjeldande regelverk og har ei forsvarleg drift. Tilsyn etter barnehagelova omfattar alle krav stilte i lov og forskrifter. Tilsyn er ei sentral oppgåve som kommunen utfører kontinuerleg. Tilsynet omhandlar revisjonskontroll og rettleiing av barnehagesektoren. Kommunen som barnehagemyndigheit vurderer om barnehagen vert driven etter barnehagelova og om barnehagetilbodet er forsvarleg. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjende eller godkjenningsspliktige verksemdar, jf. barnehagelova § 16, generelle merknader.

4.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har undersøkt om det er samsvar mellom innlevert dokumentasjon og praksis i kommunen. Fylkesmannen har gjennomført intervju for å kontrollere om praksis er i tråd med kommunale planar og innsendt dokumentasjon.

4.3 Fylkesmannen si vurdering

Askvoll kommune har plan for tilsyn frå 2011. Etter planen skal det gjennomførast tilsyn i tre barnehagar kvart år. Planen seier også noko om at kommunen kan gjennomføre hendingsbaserte tilsyn som ikkje er varsla. Tilsynsplanen har eige spørjeskjema brukt i tilsynet knytt til barnehagelova. Dette kontrollerer rammefaktorar som omhandlar fysiske forhold og krava til det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Kommunen lagar rapport etter gjennomført tilsyn som skildrar val av tema, gjennomføring og resultat i form av avvik og merknad. Dokumentasjonen viser gjennomført tilsyn etter fastlagt plan fram til og med 2012. Gjennom intervju kjem det fram at oppfølging av avvik og merknad i rapporten ikkje alltid vert følgd opp slik det er planlagt.

Askvoll kommune har saman med skuleregion Hafs laga system for arbeid med kvalitet i skule og barnehage i. I dette systemet ligg det ekstern vurdering av barnehagane minst ein gong i ein fireårsperiode. Barnehagane kan også be om ekstern vurdering ved behov. Barnehagane vel sjølve emne/fokusområde som tema for ekstern vurdering. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for barnehagane og skulane i regionen. Det vert utarbeida rapport i etterkant som skal vere eit viktig grunnlag for vurdering av måloppnåing og tiltak. Kommunalsjefen følgjer opp resultatet etter ekstern vurdering med den enkelte barnehage.

I eigenvurderingsskjema og intervju med kommunalsjef kjem det fram at det ikkje er gjennomført tilsyn etter 2012. Kommunen har nyleg hatt ny godkjenningrunde på alle barnehagane. Kommunalsjefen vurderer dette som dokumentasjon og oppfølging av krava til rammefaktorane og innhaldet i barnehagetilbodet. Rapportering i Basil per 15.12.2014, viser at Askvoll kommune har godkjent barnehagane på nytt, to i 2011 og fire i 2013. I tillegg er det gjennomført tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern.

Kommunalsjef har plan om å bruke tilsyn som ein del av det overordna systemet for arbeid med kvalitet i skule og barnehage. Tilsyn vert sett i samanheng med ekstern vurdering og skal i tillegg brukast for å følgje opp kommunale satsingsområde knytt til kommunal utviklingsplan. Ved gjennomføring av tilsyn vil spørjeskjema bli brukt i tillegg til at kommunen vil kontrollere faglege satsingsområde i kommunen og regionen til ei kvar tid.

4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Askvoll kommune har ei klar forståing av krav om forsvarleg barnehagedrift fastsett i barnehagelova. Kommunalsjef har tett kontakt med barnehagane. Det vert gjennomført faste møte, og kommunen har god oversikt med ulike rapporteringssystem.

Kommunen brukar ekstern vurdering for å skaffe seg informasjon om det pedagogiske arbeidet i den enkelte barnehage. Ekstern vurdering vert sett i samanheng med kommunal kartlegging og grunnlag for rettleiing og oppfølging.

Kommunen har hatt ein ny godkjenningrunde av alle barnehagane, og har på den måten fått gjort ei ny vurdering av rammefaktorane som omhandlar fysiske forhold. Kommunalsjef er klar på at tilsyn med barnehagen skal vere ein del av det overordna systemet for arbeid med kvalitet i skule og barnehage i Askvoll kommune.

Askvoll kommune har etter gjennomført tilsyn med barnehagane i 2012 laga rapport etter tilsyn. I fleire av rapportane ligg det avvik og merknad etter tilsynet som barnehagen skal følge opp til gitt dato. Gjennom intervju kjem det fram at avvik i tilsyn ikkje alltid har blitt følgt opp i tråd med tilsynsplanen. Vi ber om at kommunen for framtidige tilsyn syter for at avvik blir følgt opp.

Fylkesmannen vurderer gjennom dokumentasjon og intervju Askvoll kommune sine rutinar for rapportering og tilsyn som tilfredsstillande etter krav fastsette i barnehagelova.

5. Dispensasjon for pedagogisk bemanning § 18

5.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 18

«Kommunen kan gi dispensasjon frå utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen».

Pedagogisk leiar må ha utdanning som barnehagelærar. Utdanningskravet er gitt for å sikre at personalet har nødvendig kompetanse til å drive barnehagen til beste for barn og foreldre, ut frå lovkrav og rammeplan. Kommunen som barnehagemyndigheit har ansvar for å gi dispensasjon frå utdanningskravet. Krav om utdanning er heimla i barnehagelova for å sikre at barnehagen har nødvendig kompetanse slik at barna får eit likeverdig pedagogisk tilbod med god kvalitet. Midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet er berre aktuelt innafor ein kort periode på inntil eit år. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår for å sikre at barnehagen rettleier den tilsette på dispensasjon.

5.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har motteke dokumentasjon som viser at Askvoll kommune har rutine for å lage vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet. Intervju med kommunalsjef stadfesta at kommunen har hatt tilsette på dispensasjon frå utdanningskravet.

5.3 Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har vurdert om Askvoll kommune har rutine for å skrive vedtak om dispensasjon etter krav fastsett i barnehagelova.

Askvoll kommune praktiserer tilsetjing på dispensasjon etter dei krava som ligg i barnehagelova. Det kjem fram av intervjuet at kommunen gjer ei vurdering og set vilkår for tilsetjing på dispensasjon. Det ligg ei forventning frå kommunalsjef at styrar i barnehagen har tett oppfølging av den som vert tilsett på dispensasjon.

Kommunen har laga mal for søknad om dispensasjon som inneheld punkt der det skal fyllast ut informasjon om den reelle kompetansen til den det vert søkt dispensasjon for. Malen inneheld også eit punkt om at vedkommande skal få rettleiing, og namn på den som skal gi rettleiing.

Kommunens vedtaksmal for dispensasjonar inneheld eit punkt der den reelle kompetansen til den det blir søkt om dispensasjon for skal vurderast, og eit punkt der eventuelle vilkår skal fastsettast. Kommunens vedtaksmal for dispensasjonar er dermed i tråd med forskrifta om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar § 1.

5.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen vurderer gjennom dokumentasjon og intervju Askvoll kommune sine rutinar for vedtak om dispensasjon som tilfredsstillande etter krav fastsette i barnehagelova.

6. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har jf. barnehagelova § 8 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Askvoll kommune frist til å rette dei ulovlege forholda, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 01.03.2015.

Kommunen må innan denne datoane sende Fylkesmannen ei melding om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta.

Dersom forholdet ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI. Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Askvoll kommune får følgjande pålegg om retting, og er ikkje lovbrøtet retta innan fristen vert det gjort slikt vedtak:

Kommunen sitt ansvar jf. barnehagelova § 8

Askvoll kommune får pålegg om å utarbeide skriftleg rutine for oppfølging og rettleiing av barnehagane som er basert på risikovurdering.

Frist for retting er 01.03.2015.

7. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel 6 ovanfor, har kommunen fått frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for retting er 01.03 2015.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Bodhild Therese Cirotzki

rådgjevar

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	17.11.2014	158/14	HÅL
Komité for plansaker	24.11.2014	025/14	NIH
Komité for oppvekst, omsorg, helse og kultur	24.11.2014	035/14	NIH
Komité for næring, miljø og teknikk	24.11.2014	032/14	NIH
Formannskapet	01.12.2014	164/14	NIH
Administrasjonsutvalet	15.12.2014	021/14	NIH
Arbeidsmiljøutvalet	15.12.2014	021/14	NIH
Kommunestyret	17.12.2014	088/14	NIH
Formannskapet	17.12.2014	181/14	NIH

Saksbeh
Håkon Loftheim/Nina Haugstad

Arkivsaknr
14/565-18

Arkiv
K1-151

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll formannskap tek rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan til orientering. Formannskapet sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan for perioden 2015 - 2018 vert vedteke i formannskapsmøte 1.desember 2014.

17.11.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet sitt førebels framlegg til budsjett og økonomiplan:

Drift: I tråd med rådmannen sitt framlegg.

Investering: Følgjande endringar er gjort i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2015 og økonomiplan 2015 -2018:

- Vegar (ny) - 1.500.000 i 2015, finansiert med ubunde investeringsfond
- Gateadresse Askvoll – fordelt på år 2015 og 2016

- 13 stk nye omsorgsbustader er flytta fram eitt år – prosjektering 2015 – byggestart 2016 – fullføring 2017
- Eigedomsskatt – heile prosjektet i 2015, finansiert med lån

	2014	2015	2016	2017	2018
Askvoll skule	22 000 000				
Bårerom Askvollheimen	500 000				
Kjølerom kjøkken Askvollheimen	200 000				
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.		875 000			
Rehab. Atløy skule		1 100 000			
Rehab. Sydaustre fløy Askvoll skule					4 500 000
Tilpassing til funksjonsh. Ask. Skule			1 000 000		
Askvollheimen 6 nye rom		8 650 000	8 650 000		
13 stk nye omsorgsbustadar		1 150 000	20 000 000	20 000 000	
Vatn/Avløp	1 000 000	2 550 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Vegar	1 500 000	1 500 000			
Gateadr Askvoll		700 000	700 000		
Askvoll sokn	1 300 000	2 230 000	800 000		
Breiband på Bulandet/Værlandet		4 025 000			
Klatrepark		800 000			
Enøk-tiltak	230 000				
Innføring av eigedomsskatt		2 500 000			
IKT	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
Eigenkapital innskudd KLP	450 000	450 000	450 000	450 000	450 000
Sum investeringstiltak:	27 580 000	26 930 000	33 000 000	21 850 000	6 350 000
Ubunde investeringsfond		1 500 000			
Overføring fra driftsrekneskapet	450 000	409 375			
Overføring fra andre	110 000	4 295 625			
Mva kompensasjon	5 100 000	4 206 000	6 230 000	4 000 000	900 000
Lån vatn/avløp	1 000 000	2 550 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Lån Askvoll Sokn (rentekomp)		1 975 000			
Investeringstilskot husbanken 55%		4 750 000	4 750 000		
Investeringstilskot omsorgsbustadar 45%			8 450 000	8 450 000	0
Lån som fullt ut må dekkast i drifta	20 920 000	7 244 000	12 570 000	8 400 000	4 450 000
Finansiering	27 580 000	26 930 000	33 000 000	21 850 000	6 350 000

FOR-158/14 VEDTAK:

Formannskapet sitt førebels framlegg til budsjett og økonomiplan:

Drift: I tråd med rådmannen sitt framlegg.

Investering: Følgjande endringar er gjort i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2015 og økonomiplan 2015 -2018:

- Vegar (ny) - 1.500.000 i 2015, finansiert med ubunde investeringsfond
- Gateadresse Askvoll – fordelt på år 2015 og 2016

- 13 stk nye omsorgsbustader er flytta fram eitt år – prosjektering 2015 – byggestart 2016 – fullføring 2017
- Eigedomsskatt – heile prosjektet i 2015, finansiert med lån

	2014	2015	2016	2017	2018
Askvoll skule	22 000 000				
Bårerom Askvollheimen	500 000				
Kjølerom kjøkken Askvollheimen	200 000				
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.		875 000			
Rehab. Atløy skule		1 100 000			
Rehab. Sydaustre fløy Askvoll skule					4 500 000
Tilpassing til funksjonsh. Ask. Skule			1 000 000		
Askvollheimen 6 nye rom		8 650 000	8 650 000		
13 stk nye omsorgsbustadar		1 150 000	20 000 000	20 000 000	
Vatn/Avløp	1 000 000	2 550 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Vegar	1 500 000	1 500 000			
Gateadr Askvoll		700 000	700 000		
Askvoll sokn	1 300 000	2 230 000	800 000		
Breiband på Bulandet/Værlandet		4 025 000			
Klatrepark		800 000			
Enøk-tiltak	230 000				
Innføring av eigedomsskatt		2 500 000			
IKT	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
Eigenkapital innskudd KLP	450 000	450 000	450 000	450 000	450 000
Sum investeringstiltak:	27 580 000	26 930 000	33 000 000	21 850 000	6 350 000
Ubunde investeringsfond		1 500 000			
Overføring fra driftsrekneskapet	450 000	409 375			
Overføring fra andre	110 000	4 295 625			
Mva kompensasjon	5 100 000	4 206 000	6 230 000	4 000 000	900 000
Lån vatn/avløp	1 000 000	2 550 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Lån Askvoll Sokn (rentekomp)		1 975 000			
Investeringstilskot husbanken 55%		4 750 000	4 750 000		
Investeringstilskot omsorgsbustadar 45%			8 450 000	8 450 000	0
Lån som fullt ut må dekkast i drifta	20 920 000	7 244 000	12 570 000	8 400 000	4 450 000
Finansiering	27 580 000	26 930 000	33 000 000	21 850 000	6 350 000

24.11.2014 KOMITÉ FOR OPPVEKST, OMSORG, HELSE OG KULTUR

Røysting – samrøystes:

Komitéen har gått gjennom budsjett og økonomiplan til oppvekst, omsorg, helse og kultur. Komitéen er samd i formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015 – 2018.

OHK-035/14 UTTALE:

Komiteén er samd i formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplanen for perioden 2015 – 2018.

24.11.2014 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG TEKNIKK

Komiteén har gått gjennom budsjett og økonomiplan til landbruk og teknisk.

Komiteén er samd i Formannskapet sitt framlegg 17.11.2014, men peikar på at investering veg skal vidareførast med 1.500.000 pr. år i heile perioden.

Røysting – samrøystes:

NMT-032/14 UTTALE:

Komiteén er samd i Formannskapet sitt framlegg 17.11.2014, men peikar på at investering veg skal vidareførast med 1.500.000 pr. år i heile perioden.

24.11.2014 KOMITÉ FOR PLANSAKER

Røysting – samrøystes uttale:

PØK-025/14 UTTALE:

Komité for plansaker tek det framlagde budsjettframlegget til vitande utan ytterlegare merknader.

FRAMLEGG TIL VEDTAK TIL MØTE I FORMANNSKAPET 01.12.14:

1. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande driftsbudsjettet for 2015 i samsvar med Formannskapet sitt framlegg jfr. tabell 1 under kapittel 5.2

Driftsramme 2015 (alle tal i tusen):

Rammeområde (alle tal i tusen)	Beløp kr
Rådmann	14 182
Askvoll Sokn	3 552
Oppvekst	60 905
NAV	4 231
Interkommunalt barnevern	3 253
Helse og omsorg	71 000
Felles landbrukskontor	1 467
Teknisk drift	6 097
Bygg&Eigedom	797
Lønsvekst	5 352
Dekke underskot	1 800
Sum fordelt	172 636

2. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande investeringsbudsjettet for 2015 i samsvar med Formannskapet sitt vedtak i møte 17.11.14 (FOR 158/14)

:

Investeringsramme 2015 (alle tal i tusen)

Prosjekt (alle tal i tusen)	Beløp kr
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.	875
Rehab. Atløy skule	1 100
Askvollheimen 6 nye rom	8 650
Prosjektering 13 stk. nye omsorgsbustadar	1 150
Vegar	1 500
Vatn/avløp	2 550
Askvoll sokn	2 230
Gateadresse Askvoll	700
Breiband på Bulandet/Værlandet	4 025
Klatrepark	800
Innføring eigedomskatt	1 500
IKT	400
Eigenkapitalinnskot KLP	450
Sum	25 930

3. Askvoll kommunestyre vedtek økonomiplan drift 2015 – 2018 i samsvar med Formannskapet sitt framlegg, jfr. tabell 1 under kapittel 5.2

4. Askvoll kommunestyre vedtek økonomiplan for investeringar 2015 – 2018 i samsvar med Formannskapet sitt vedtak i møte 17.11.14 (FOR 158/14)

5. Askvoll kommunestyre vedtek – i samsvar med Formannskapet sitt framlegg:

a. Kommunale avgifter

i. Renovasjon	inga endring
ii. Slamavgift i samsvar med SUM	inga endring
iii. Avlaup og vatn	inga endring
iv. Husleige	auke 3,5%
v. Feieavgift	inga endring
vi. Barnehagebetaling	statleg makspris
vii. Skulefritidsordninga	inga endring
viii. Kulturskule	inga endring
ix. Heimebasert omsorg	auke 3,5%
x. Matombringing	auke 3,5%
xi. Tekn/økonomisk plan landbruk	kr.300,-/time
xii. Gjødelsplan landbruk	kr.600,- + 75 per skift
xiii. Hamneavgift	inga endring
xiv. Purregebyr	kr. 64,-*
xv. Forsinkelserente	9,5%*

*Fastsett av finansdepartementet

b. Skatteøret skal settast til 11,25% i samsvar med Stortingets vedtak

c. Marginavsetnad 10% på skatt

Eigedomsskatt

6. I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2 og 3 pkt. a) vert det skrive ut eigedomsskatt på «alle faste eigedomar i heile kommunen»

7) Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter escl. § 13

8) Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter escl. § 25

9) I medhald av escl. vert det gjeve fritak for visse eigedomar etter:

- a. Escl. § 7 pkt. a) – bustader og eigedomar som tek sikte på å gagne ein kommune, stat eller fylke, som t.d. er eigd av ideelle stiftingar og bygningar som vert drivne av lag- og organisasjonar. Dette gjeld følgjande gnr./brnr.:

Gnr / Bnr / Fnr	NAMN
60/65/0	Vidar Ungdomslag
205/67/0	Holmedal Bygdehus
23/51/0	Askvoll Småbåtlag
30/55/0	Askvoll Småbåtlag
51/21/0	Atløy Kulturhus L/L
56/22/0	Herland Grendalag
69/18/0	Bulandet Kapell
109/2/1	Vågane Grendahus
19/4/0	Eimind Grendahus
30/24/0	Olset Bedehus
40/7/0	Kumle Bedehus
47/4/0	Høyvik Grendalag
98/16/0	Flokenes Grendahus
109/6/0	Askvoll Kommune
64/5/0	Bulandet Ungdomslag
22/1/1	Askvoll Samfunnshus
12/22/0	Stongfjorden Arbeidsstove
51/9/0	Leirvåg Bedehus
51/33/0	Atløy Idr/Samfunnshus
51/28/0	Atløy Idrettslag
60/43/0	Værlandet Bedehus
205/110/0	Holmedal Båtlag
205/111/0	Holmedal Båtlag
205/112/0	Holmedal Båtlag
205/113/0	Holmedal Båtlag
205/114/0	Holmedal Båtlag
204/66/0	Holmedal Idrettslag
60/214/0	Værlandet Vel
60/163/0	Værlandet Vel
60/69/0	Værlandet Idrettslag
60/213/0	Alvhild Minne Til Værlandets Vel St

219/5/0	Rivedal Bygdelag
206/4/1	Askvoll Og Holmedal Skyttarlag
23/76/0	Askvoll Og Holmedal Idrettslag
12/91/0	Stongfjorden Båtlag

- b. Eskl. § 7 pkt. b) – bygningar som har historisk verdi – etter søknad.
- c. Eskl. § 7 pkt. c) – nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta som bustad og husvære rehabiliterte for minimum NOK 750.000,- i løpet av tre år med ferdigstilling av bustad tidlegast 1.1.2015 vert fritaken for eigedomsskatt i 10 år.
- d. Det vert ikkje gjeve fritak etter Eskl. § 7 pkt. d) – einskilte lutar av kommunen

Fritak for å betale eigedomsskatt under dette budsjettvedtak pkt.9 c gjeld berre inntil kommunestyret sjølv endrar eller opphever fritaka.

10. Askvoll kommunestyre godkjenner, med atterhald om fylkesmannen si godkjenning, låneopptak lik kr. 10 769 000,- for budsjettåret

2015. Avdragstida blir tilpassa bestemmelsane i kommunelova § 50 nr 7

11. Fullmakter:

- a. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innafor vedteken ramme
- b. Rådmannen får fullmakt til å avgjere om stillingar som vert ledige skal lysast ut, stå vakant eller eventuelt gjerast om. Innsparde midlar som følgje av dette har rådmannen fullmakt til å overføre til sentraladministrasjonen.

01.12.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Pkt. 1 – Samrøystes.

Pkt. 2 – Samrøystes endring: Startlån på kr. 1,5 mill inn i tabellen, botnlinja vert då endra tilsvarende til 27.430

Pkt. 3 – Samrøystes

Pkt. 4 – Samrøystes endring: Investering veg vert vidareført heile økonomiperioden med kr. 1,5 pr. år, finansierast med lån.

Pkt. 5 – Samrøystes

Pkt. 6 – Samrøystes

Pkt. 7 – Samrøystes

Pkt. 8 – Samrøystes

Samrøystes: Nytt Pkt. 9:

Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskatt i Askvoll kommune, vedtekne i kommunestyre 25.06.14 KOM 048/14 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2015, jfr. Esktl §10 .

Samrøystes endring: Framlegg til pkt 9 vert 10:

Under tabellen skal det inn: Lista pr. desember 2014 er truleg ikkje fullstendig. Eventuelle andre aktuelle eigedomar som kan komme inn under §7 pkt a vil bli vurdert etter søknad.

Samrøystes endring: Framlegg til pkt. 10 vert 11:
Auke med 1,5 mill til kr. 12.269.000,- (på grunn av startlånet som kom inn)

FOR-164/14 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande driftsbudsjettet for 2015 i samsvar med Formannskapet sitt framlegg jfr. tabell 1 under kapittel 5.2

Driftsramme 2015 (alle tal i tusen):

Rammeområde (alle tal i tusen)	Beløp kr
Rådmann	14 182
Askvoll Sokn	3 552
Oppvekst	60 905
NAV	4 231
Interkommunalt barnevern	3 253
Helse og omsorg	71 000
Felles landbrukskontor	1 467
Teknisk drift	6 097
Bygg&Eigedom	797
Lønsvekst	5 352
Dekke underskot	1 800
Sum fordelt	172 636

2. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande investeringsbudsjettet for 2015 i samsvar med Formannskapet sitt vedtak i møte 17.11.14 (FOR 158/14)

:

Investeringsramme 2015 (alle tal i tusen)

Prosjekt (alle tal i tusen)	Beløp kr
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.	875
Rehab. Atløy skule	1 100
Askvollheimen 6 nye rom	8 650
Prosjektering 13 stk. nye omsorgsbustadar	1 150
Vegar	1 500
Vatn/avløp	2 550
Askvoll sokn	2 230
Gateadresse Askvoll	700
Breiband på Bulandet/Værlandet	4 025
Klatrepark	800
Innføring eigedomskatt	1 500
IKT	400
Startlån	1 500
Eigenkapitalinnskot KLP	450
Sum	27 430

3. Askvoll kommunestyre vedtek økonomiplan drift 2015 – 2018 i samsvar med Formannskapet sitt framlegg, jfr. tabell 1 under kapittel 5.2

4. Askvoll kommunestyre vedtek økonomiplan for investeringar 2015 – 2018 i samsvar med Formannskapet sitt vedtak i møte 17.11.14 (FOR 158/14)

Investering **veg** vert vidareført heile økonomiperioden med kr. 1,5 pr. år, finansierast med lån.

5. Askvoll kommunestyre vedtek – i samsvar med Formannskapet sitt framlegg:

a. Kommunale avgifter

i. Renovasjon	inga endring
ii. Slamavgift i samsvar med SUM	inga endring
iii. Avlaup og vatn	inga endring
iv. Husleige	auke 3,5%
v. Feieavgift	inga endring
vi. Barnehagebetaling	statleg makspris
vii. Skulefritidsordninga	inga endring
viii. Kulturskule	inga endring
ix. Heimebasert omsorg	auke 3,5%
x. Matombringning	auke 3,5%
xi. Tekn/økonomisk plan landbruk	kr.300,-/time
xii. Gjødselsplan landbruk	kr.600,- + 75 per skift
xiii. Hamneavgift	inga endring
xiv. Purregebyr	kr. 64,-*
xv. Forsinkelserente	9,5%*

*Fastsett av finansdepartementet

b. Skatteøret skal settast til 11,25% i samsvar med Stortingets vedtak

c. Marginavsetnad 10% på skatt

Eigedomsskatt

6. I medhald av eigedomsskattelova (eskl.) §§2 og 3 pkt. a) vert det skrive ut eigedomsskatt på «alle faste eigedomar i heile kommunen»

7) Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13

8) Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25

9) Vedtekter for fastsetjing av eigedomsskatt i Askvoll kommune, vedtekne i kommunestyre 25.06.14 KOM 048/14 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2015, jfr. Esktl §10 .

10) I medhald av eskl. vert det gjeve fritak for visse eigedomar etter:

- a. Eskl. § 7 pkt. a) – bustader og eigedomar som tek sikte på å gagne ein kommune, stat eller fylke, som t.d. er eigd av ideelle stiftingar og bygningar som vert drivne av lag- og organisasjonar. Dette gjeld følgjande gnr./brnr.:

Gnr / Bnr / Fnr	NAMN
60/65/0	Vidar Ungdomslag
205/67/0	Holmedal Bygdehus
23/51/0	Askvoll Småbåtlag
30/55/0	Askvoll Småbåtlag
51/21/0	Atløy Kulturhus L/L
56/22/0	Herland Grendalag
69/18/0	Bulandet Kapell

109/2/1	Vågane Grendahus
19/4/0	Eimind Grendahus
30/24/0	Olset Bedehus
40/7/0	Kumle Bedehus
47/4/0	Høyvik Grendalag
98/16/0	Flokenes Grendahus
109/6/0	Askvoll Kommune
64/5/0	Bulandet Ungdomslag
22/1/1	Askvoll Samfunnshus
12/22/0	Stongfjorden Arbeidsstove
51/9/0	Leirvåg Bedehus
51/33/0	Atløy Idr/Samfunnshus
51/28/0	Atløy Idrettslag
60/43/0	Værlandet Bedehus
205/110/0	Holmedal Båtlag
205/111/0	Holmedal Båtlag
205/112/0	Holmedal Båtlag
205/113/0	Holmedal Båtlag
205/114/0	Holmedal Båtlag
204/66/0	Holmedal Idrettslag
60/214/0	Værlandet Vel
60/163/0	Værlandet Vel
60/69/0	Værlandet Idrettslag
60/213/0	Alvhild Minne Til Værlandets Vel St
219/5/0	Rivedal Bygdelag
206/4/1	Askvoll Og Holmedal Skyttarlag
23/76/0	Askvoll Og Holmedal Idrettslag
12/91/0	Stongfjorden Båtlag

Lista pr. desember 2014 er truleg ikkje fullstendig. Eventuelle andre aktuelle eigedomar som kan komme inn under §7 pkt a vil bli vurdert etter søknad.

- b. Eskl. § 7 pkt. b) – bygningar som har historisk verdi – etter søknad.
- c. Eskl. § 7 pkt. c) – nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta som bustad og husvære rehabiliterte for minimum NOK 750.000,- i løpet av tre år med ferdigstilling av bustad tidlegast 1.1.2015 vert fritaken for eigedomsskatt i 10 år.
- d. Det vert ikkje gjeve fritak etter Eskl. § 7 pkt. d) – einskilte lutar av kommunen

Fritak for å betale eigedomsskatt under dette budsjettvedtak pkt.9 c gjeld berre inntil kommunestyret sjølv endrar eller opphever fritaka.

11. Askvoll kommunestyre godkjenner, med atterhald om fylkesmannen si godkjenning, låneopptak lik kr. 12 269 000,- for budsjettåret 2015. Avdragstida blir tilpassa bestemmelsane i kommunelova § 50 nr 7

12. Fullmakter:

- a. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne og ta opp lån for finansiering av investeringar innafor vedteken ramme
- b. Rådmannen får fullmakt til å avgjere om stillingar som vert ledige skal lysast ut, stå vakant eller eventuelt gjerast om. Innsparde midlar som følgje av dette har rådmannen fullmakt til å overføre til sentraladministrasjonen.

17.12.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

FOR-181/14 VEDTAK:

Pkt. 10a i formannskapet si tilråding 01.12.14 vert endra slik:

Oppdatert liste etter §7:

Gnr / Bnr / Fnr	NAMN
12/22/0	Stongfjorden Arbeidsstove
204/25/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/26/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/61/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/66/0	Holmedal Idrettslag
205/110/0	Holmedal Båtlag
205/111/0	Holmedal Båtlag
205/112/0	Holmedal Båtlag
205/113/0	Holmedal Båtlag
205/114/0	Holmedal Båtlag
205/67/0	Holmedal Bygdehus
219/5/0	Rivedal Bygdelag
22/1/1	Askvoll Samfunnshus (F)
23/51/0	Askvoll Småbåtlag
23/76/0	Askvoll Og Holmedal Idrettslag
30/24/0	Olset Bedehus
30/30/0	Olset Småbåtlag
30/55/0	Askvoll Småbåtlag
40/7/0	Kumle Bedehus
47/4/0	Høyvik Grendalag
42/38/0	Sauesund Båtlag
51/21/0	Atløy Kulturhus L/L
51/28/0	Atløy Idrettslag
51/33/0	Atløy Idr/Samfunnshus
51/9/0	Leirvåg Bedehus
56/22/0	Herland Grendalag
60/163/0	Værlandet Vel

60/213/0	Værlandet Vel
60/214/0	Værlandet Vel
60/43/0	Værlandet Bedehus
60/65/0	Vidar Ungdomslag
60/69/0	Værlandet Idrettslag
64/5/0	Bulandet Ungdomslag
67/12/0	Bulandet Idrettslag (kun tomt)
70/8/0	Fiskarheimen Bulandet
98/16/0	Flokenes Grendahus

17.12.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

FOR-181/14 VEDTAK:

Pkt. 10 a i formannskapet si tilråding 01.12.14 vert endra slik:
Oppdatert liste etter §7:

Gnr / Bnr / Fnr	NAMN
12/22/0	Stongfjorden Arbeidsstove
204/25/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/26/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/61/0	Holmedal Idrettslag (kun tomt)
204/66/0	Holmedal Idrettslag
205/110/0	Holmedal Båtlag
205/111/0	Holmedal Båtlag
205/112/0	Holmedal Båtlag
205/113/0	Holmedal Båtlag
205/114/0	Holmedal Båtlag
205/67/0	Holmedal Bygdehus
219/5/0	Rivedal Bygdelag
22/1/1	Askvoll Samfunnshus (F)
23/51/0	Askvoll Småbåtlag
23/76/0	Askvoll Og Holmedal Idrettslag
30/24/0	Olset Bedehus
30/30/0	Olset Småbåtlag
30/55/0	Askvoll Småbåtlag
40/7/0	Kumle Bedehus
47/4/0	Høyvik Grendalag
42/38/0	Sauesund Båtlag
51/21/0	Atløy Kulturhus L/L
51/28/0	Atløy Idrettslag
51/33/0	Atløy Idr/Samfunnshus
51/9/0	Leirvåg Bedehus

56/22/0	Herland Grendalag
60/163/0	Værlandet Vel
60/213/0	Værlandet Vel
60/214/0	Værlandet Vel
60/43/0	Værlandet Bedehus
60/65/0	Vidar Ungdomslag
60/69/0	Værlandet Idrettslag
64/5/0	Bulandet Ungdomslag
67/12/0	Bulandet Idrettslag (kun tomt)
70/8/0	Fiskarheimen Bulandet
98/16/0	Flokenes Grendahus

Lista pr. desember 2014 er truleg ikkje fullstendig. Eventuelle andre aktuelle eigedomar som kan komme inn under §7 pkt a vil bli vurdert etter søknad.

17.12.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting:

Formannskapet si tilråding til

Pkt 1. Samrøystes

Pkt. 2 Samrøystes

Pkt. 3 Samrøystes

Pkt. 4 Samrøystes

Pkt. 5 Samrøystes

Pkt. 6 Samrøystes

Pkt- 7 Samrøystes

Pkt. 8 Samrøystes

Pkt. 9 Samrøystes

Pkt. 10 a Formannskapet si tilråding i møte 17.12.14 – samrøystes

Pkt. 10b, c og d Samrøystes

Pkt. 11 Samrøystes

Åkt. 12. Samrøystes

Det var så røysta over formannskapet sitt framlegg til Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 som vart samrøystes vedteke med dei delvedtak som er gjort i saka.

KOM-088/14 VEDTAK:

1. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande driftsbudsjettet for 2015 i samsvar med Formannskapet sitt framlegg jfr. tabell 1 under kapittel 5.2

Driftsramme 2015 (alle tal i tusen):

Rammeområde (alle tal i tusen)	Beløp kr
Rådmann	14 182
Askvoll Sokn	3 552
Oppvekst	60 905
NAV	4 231
Interkommunalt barnevern	3 253
Helse og omsorg	71 000
Felles landbrukskontor	1 467
Teknisk drift	6 097
Bygg&Eigedom	797
Lønsvekst	5 352
Dekke underskot	1 800
Sum fordelt	172 636

2. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande investeringsbudsjettet for 2015.

:

Investeringsramme 2015 (alle tal i tusen)

Prosjekt (alle tal i tusen)	Beløp kr
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.	875
Rehab. Atløy skule	1 100
Askvollheimen 6 nye rom	8 650
Prosjektering 13 stk. nye omsorgsbustadar	1 150
Vegar	1 500
Vatn/avløp	2 550
Askvoll sokn	2 230
Gateadresse Askvoll	700
Breiband på Bulandet/Værlandet	4 025
Klatrepark	800
Innføring eigedomskatt	1 500
IKT	400
Startlån	1 500
Eigenkapitalinnskott KLP	450
Sum	27 430

3. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande økonomiplan drift 2015 – 2018:

År	2015	2016	2017	2018
Rammeområde (alle tal i tusen)	Beløp kr	Beløp kr	Beløp kr	Beløp kr
Rådmann	14 182	14 182	14 182	14 182
Askvoll Sokn	3 552	3 552	3 552	3 552
Oppvekst	60 905	60 905	60 905	60 905
NAV	4 231	4 231	4 231	4 231
Interkommunalt barnevern	3 253	3 253	3 253	3 253
Helse og omsorg	71 000	72 000	72 000	72 000
Felles landbrukskontor	1 467	1 467	1 467	1 467
Teknisk drift	6 097	6 097	6 097	6 097
Bygg&Eigedom	797	797	797	797
Lønsvekst	5 352	5 352	5 352	5 352
Dekke underskot	1 800	1 800	0	0
Sum fordelt	172 636	173 636	171 836	171 836

4. Askvoll kommunestyre vedtek følgjande økonomiplan for investeringar 2015 – 2018:
Investering **veg** vert vidareført heile økonomiplanperioden (2016 – 2018) med 1,5 mill. kr.
pr. år, finansierast med lån.

År	2015	2016	2017	2018
Prosjekt (alle tal i tusen)	Beløp kr	Beløp kr	Beløp kr	Beløp kr
Ombygging Vårdal skule til barnehageavd.	875			
Rehab. Atløy skule	1 100			
Askvollheimen 6 nye rom	8 650	8 650		
Rehab. Sydauster fløy Askvoll skule				4 500
Tilpassing til funksjonshemma Askvoll skule		1 000		
13 stk. nye omsorgsbustadar	1 150	20 000	20 000	
Vegar	1 500	1 500	1 500	1 500
Vatn/avløp	2 550	1 000	1 000	1 000
Askvoll sokn	2 230	800		
Gateadresse Askvoll	700	700		
Breiband på Bulandet/Værlandet	4 025			
Klatrepark	800			
Innføring eigedomsskatt	1 500			
IKT	400	400	400	400
Startlån	1 500			
